

2147

[www.nina.no](http://www.nina.no)

# Bruken av Rondane-Dovre 2021

Resultat frå brukarundersøking og automatisk teljing

Odd Inge Vistad  
Vegard Gundersen



# NINAs publikasjonar

## **NINA Rapport**

Dette er den ordinære rapporteringa frå NINA til oppdragsgjevar etter gjennomført forskings-, overvakings- eller utgreiingsarbeid. I tillegg omfattar serien mykje av instituttets andre rapportering, til dømes frå seminar og konferansar, resultat av eige forskings- og utgreiingsarbeid og litteraturstudium. NINA Rapport kan også gjevast ut på engelsk, som NINA Report.

## **NINA Temahefte**

Serien famnar svært vidt; frå systematiske bestemmingsnøklar til informasjon om viktige problemstillingar i samfunnet. Heftene har vanlegvis ei populærvitenskapleg form med vekt på illustrasjoner. NINA Temahefte kan også gjevast ut på engelsk, som NINA Special Report.

## **NINA Fakta**

Faktaarka har som mål å gjere forskingsresultat frå NINA raskt og enkelt tilgjengeleg for eit større publikum. Faktaarka gir ei kort framstilling av nokre av våre viktigaste forskingstema.

## **Anna publisering**

I tillegg til rapportering i våre eigne seriar publiserer dei tilsette i NINA ein stor del av sine vitenskaplege resultat i internasjonale journalar, populærfaglege bøker og tidsskrift.

# Bruken av Rondane-Dovre 2021

## Resultat frå brukarundersøking og automatisk teljing

Odd Inge Vistad  
Vegard Gundersen

Vistad, O. I. & Gundersen, V. 2022. Bruken av Rondane – Dovre 2021. Resultat frå brukarundersøking og automatisk teljing. NINA Rapport 2147. Norsk institutt for naturforskning.

Lillehammer, juni 2022

ISSN: 1504-3312  
ISBN: 978-82-426-4938-6

RETTSHAVAR  
© Norsk institutt for naturforskning  
Publikasjonen kan siterast fritt med kjeldetilvising

TILGANG  
Open

PUBLISERINGSTYPE  
Digitalt dokument (pdf)

KVALITETSSIKRA AV  
Oddgeir Andersen

ANSVARLEG SIGNATUR  
Forskingssjef Kristin E. Mathiesen (sign.)

OPPDRAUGSGJEVAR(AR)/BIDRAGSYTAR(AR)  
Rondane-Dovre nasjonalparkstyre

KONTAKTPERSON(AR) HOS OPPDRAUGSGJEVAR/BIDRAGSYTAR  
Nasjonalparkforvaltar Eirin Berge

FRAMSIDEBILETE  
Langlupdalen mot Rondeslottet, Rondane nasjonalpark © Foto:  
Vegard Gundersen

NØKKELORD

- Rondane nasjonalpark, Dovre nasjonalpark (Noreg, Innlandet fylke, kommunane Dovre, Sel, Folldal, Stor-Elvdal, Nord-Fron, Sør-Fron, Ringebu )
- brukarundersøking
- ferdselsteljing

KEY WORDS

- Norway. Innlandet county, Rondane national park, Dovre national park
- Visitor study
- Visitor counting

KONTAKTOPPLYSNINGAR

**NINA hovedkontor**  
Postboks 5685 Torgarden  
7485 Trondheim  
Tlf: 73 80 14 00

**NINA Oslo**  
Sognsveien 68  
0855 Oslo  
Tlf: 73 80 14 00

**NINA Tromsø**  
Postboks 6606 Langnes  
9296 Tromsø  
Tlf: 77 75 04 00

**NINA Lillehammer**  
Vormstuguvegen 40  
2624 Lillehammer  
Tlf: 73 80 14 00

**NINA Bergen**  
Thormøhlens gate 55  
5006 Bergen  
Tlf: 73 80 14 00

## Samandrag

Vistad, O. I. & Gundersen, V. 2022. Bruken av Rondane – Dovre 2021. Resultat frå brukarundersøking og automatisk teljing. NINA Rapport 2147. Norsk institutt for naturforskning.

Rondane-Dovre nasjonalparkstyre skal revidere forvaltningsplanen for sine store verneområde. Difor fekk ein gjort ei ny brukarundersøking sommaren 2021 vha. åtte sjølvregisteringskasser med spørjeskjema (medio juni til medio oktober) og automatiske teljarar nær dei same åtte lokalitetane (som registrerer personar som ferdast langs sti/veg). Aktuelle teljartal blir presentert for heile perioden 2009-2021, i den grad slik tal finst. Elles drøftar vi funna opp mot tala frå førre brukarundersøking, i 2009. Forsommaren 2021 vart høva for innreise til Noreg (Korona-pandemien) letta og utanlandske (dvs. europeiske) turistar var tilbake.

Det er ganske jamn kjønnssbalanse (55 % kvinner) i Rondane-Dovre (RD), omlag som i 2009. RD viser seg igjen som ein tydeleg «eldre-park» (snittalder 49 år), samanlikna med t.d. Jotunheimen, eit mønster som er endå tydlegare no enn i 2009. To av tre brukarar er norske og nærpå alle utlendingar er frå Europa (truleg grunna pandemireglar). Tyskarar har nest flest brukarar (19 %), etter Noreg. I alt er 23 nasjonar registrert (mot 32 i 2009). Blant dei norske regionane er Austlandet klart størst, med 40 % av alle brukarar (inkl. 5 % frå dei seks lokale kommunane).

Tre av fire gjester kjem i juli og august, med jamn fordeling mellom dei to månadane. I snitt er gjesten her i fire døgn; omlag 2 av 3 er her eitt til tre døgn. Omlag kvar fjerde gjest hadde vore/skulle på fleire turar i RD-området i 2021. Det vanlegaste turfølgjet er to og to, og 13 % har med seg barn under 15 år (i 2009 var det 16 %).

Det er stor variasjon i tidlegare friluftslivserfaring (= overnattingsturar til fots/på ski) – frå ingen (18 %) til fleire enn 20 (27 %). Dei norske er noko meir erfarne enn dei utanlandske. Vel halvparten (53 %) hadde vore i området før, om sommaren, og 23 % om vinteren; både tala ligg noko lågare enn i 2009. Altså; det var fleire fyrstgongsbrukarar i 2021 (43 %) enn i 2009 (37 %). For halvparten var dette besøket i RD hovudformålet med reisa (resten var på rundreise, eller hadde fleire turmål). For dei fleste (65 %) sto ‘dagstur til fots’ på programmet (med snitt på 4,4 timer), og for 26 % var aktiviteten ‘del av fleirdagstur’ med turlengda i snitt 4,5 døgn (vanlegast er turar på 3 eller 4 døgn). Denne fordelinga er nær identisk for nordmenn og utlendingar. I 2009 var noko færre på dagstur (63 %) og noko fleire på fleirdagstur (32 %).

Dei fleste av nordmennene (61 %) har skaffa seg informasjon før turen. Det er noko fleire av utlendingane (67 %) som har søkt forhåndsinformasjon. Internett er ein heilt dominerande inngang (60 %) for både gruppene. «Alle» (87 %) er nøgde/svært nøgde med tilrettelegginga for friluftsliv; det er tydelegast for dei norske. I 2009 var mønsteret om lag likt, men då var fleire utlendingar meir nøgde med tilrettelegginga (dvs. meir like dei norske). Blant utlendingane seier eit fleirtal (69 %) at dei ikkje veit kva dyr som er truga i RD-området, mot 44 % av dei norske. Tre av fire oppfattar heile RD-området som eit villmarksområde, og noko fleire av utlendingane svarar dette. Meir enn halvparten av brukarane er positive til to eventuelle tiltak for å «beskytte sårbar natur»: (1) ‘legge om eksisterande merkte turruter’ (52 % positive) og (2) ‘forbod mot ferdsel langs visse ruter i november’ (64 % positive). Og for både forslaga er det utlendingane som er mest positive. «Møtte du syklistar langs stiane på denne turen?» - her svarar 77 % nei. Av resten (23 %) er det mange som ikkje ser ut til å skilje mellom møte med sykkel langs sti og langs veg.

Avslutningsvis samanliknar vi funna frå dei ulike innfallsportane (svakkassene) i RD, og også samla funn frå RD med andre norske nasjonalparkar.

Odd Inge Vistad, NINA, Vormstuguvegen 40, 2624 Lillehammer, [odd.inge.vistad@nina.no](mailto:odd.inge.vistad@nina.no)  
 Vegard Gundersen, NINA, Vormstuguvegen 40, 2624 Lillehammer, [vegard.gundersen@nina.no](mailto:vegard.gundersen@nina.no)

# Innhald

<b>Samandrag .....</b>	<b>3</b>
<b>Innhald.....</b>	<b>4</b>
<b>Føreord .....</b>	<b>5</b>
<b>1 Innleiing .....</b>	<b>6</b>
<b>2 Metode .....</b>	<b>7</b>
2.1 Bruk av sjølvregistreringskasser .....	7
2.2 Automatiske teljarar .....	12
<b>3 Resultat.....</b>	<b>13</b>
3.1 Automatiske teljingar.....	13
3.1.1 Grimsdalshytta.....	13
3.1.2 Straumbu .....	14
3.1.3 Dørålen.....	16
3.1.4 Hageseter / Gautåsæter mot Grimsdalshytta .....	16
3.1.5 Spranghaugen.....	17
3.1.6 Høvringen – Kvannslådalen .....	20
3.1.7 Smuksjøsæter.....	21
3.1.8 Søre Eldåsæter .....	23
3.2 Kjønn, alder, heimstad .....	25
3.3 Turen og turfølgjet.....	26
3.4 Tidlegare friluftslivserfaring. ....	28
3.5 Tidlegare besøk og kjennskap til Rondane-Dovre.....	28
3.6 Formålet med reisa og med turen .....	29
3.7 Skaffa ein seg informasjon før turen? .....	30
3.8 Nøgd med tilrettelegging for friluftsliv? .....	31
3.9 Vurdering av kvalitetar og tilstand i Rondane .....	32
3.9.1 Truga dyr? .....	32
3.9.2 Eit villmarksormåde? .....	32
3.9.3 Tiltak for å verne om sårbar natur?.....	32
3.9.4 Møtte du syklistar langs stiar på denne turen? .....	32
3.10 Besøksprofil for innfallsportane i 2009 og 2021 .....	33
3.10.2 Straumbu .....	33
3.10.3 Dørålen.....	35
3.10.4 Hageseter/Gautåsæter .....	36
3.10.5 Spranghaugen.....	36
3.10.6 Høvringen-Kvannslådalen .....	38
3.10.7 Smuksjøsæter .....	39
3.10.8 Søre Eldåsæter .....	40
3.11 Brukarprofil for Rondane-Dovre samanlikna med andre nasjonalparkar.....	41
<b>4 Referansar .....</b>	<b>45</b>
<b>Vedlegg 1 Fleire nøkkeltal for Rondane-Dovre samanlikna med andre nasjonalparkar .</b>	<b>46</b>
<b>Vedlegg 2 Spørjeskjema, norsk versjon .....</b>	<b>53</b>

## Føreord

Rondane-Dovre nasjonalparkstyre er i gang med å rullere/revidere forvaltningsplanen for dei store verneområda i Rondane (frå 2009), samt besøksstrategien for Rondane nasjonalpark (frå 2015) og besøksstrategien for Dovre nasjonalpark (frå 2021).

Av den grunn har dei gjennomført ei ny brukarundersøking ved hjelp av den såkalla 'kassemetoden', sommaren 2021. Det er SNO som har hatt det praktiske ansvaret med utplassering av 8 svarkasser, på nokre av dei same lokalitetane som vart brukt ved tilsvarende undersøking i 2009 (sjå Vorkinn og Andersen 2010). Oppdragsgjevar har også fått ordna med «punching» av utfylte skjema, dvs. innlegging av skjemasvar i dataprogrammet Excel.

NINA er spurta om å analysere data og rapportere funna, og drøfte dei opp mot det Vorkinn & Andersen (2010) og Andersen & Gundersen (2010) rapporterte frå 2009-kartlegginga. Vi har også lagt inn samanlikningar med funn i andre norske nasjonalparkar.

Vi vil takke verneområdeforvaltarane Eirin Berge og Trond Stensby for oppdraget, samt Finn Bjormyr, Tore Larsson, Emma den Hartog, Marit Vorkinn og andre som på ulikt vis har vore med og gjennomført undersøkinga.

Lillehammer, 10. juni 2022, Vegard Gundersen

## 1 Innleiing

Kunnskap om bruken og dei besøkande til verneområda har blitt ei viktig kunnskapskjelde for verneområdeforvaltninga, for å nå måla om å ta vare på naturverdiane. I dette ligg det ein premiss om at denne typen kunnskap kan brukast for «kontrollere utviklinga» og for handtere bruk som trugar naturverdiane. Det er også eit mål å kunna gje de besøkande gode naturopplevingar. Kunnskapen om naturverdiane frå t.d. sårbarheitsanalysar dyre- og planteliv (Eide m.fl. 2015; Gundersen m.fl. 2016), villrein (Strand & Gundersen 2019; Strand m.fl. 2019; Gundersen m.fl. 2019) og kunnskap om brukarane (Strand m.fl. 2014, Gundersen m.fl. 2016, Selvaag 2017, Selvaag m.fl. 2020; 2021) skal saman gje bidrag til å utarbeide besøksstrategiar for verneområda i Rondane-Dovre området.

Den førre undersøkinga er frå 2009 (Vorkinn & Andersen 2010; Andersen & Gundersen 2011) og inkluderte både ei undersøking med svarkasser på dei tolv viktigaste innfallsportane og ei oppfylgjande internettbasert spørjeundersøking frå innsamla epost-adresser. I 2021 er det kun gjennomført innsamling frå svarkassene i åtte lokalitetar. Det er data frå denne undersøkinga som vert presentert her. NINA har tillegg samla data frå automatiske teljarar frå i alt 46 lokaliteter i Rondane, og data fra dei lokalitetane som ligg i tilknyting til dei åtte innfallsportene med svarkasser er presentert for heile måleperioden 2009-2021 (men det manglar teljingar for enkelte år for enkelte lokalitetar, som kapittel 3.1 viser). NINA har også nøkkeltal frå alle dei andre brukerundersøkingane som er gjennomført i verneområde i Noreg, og vi brukar her sumtal frå 31 nasjonalparkar til å vise dei viktigaste karaktertrekka ved Rondane-Dovre nasjonalparkar.

Forsommaren 2021 vart høva for innreise til Noreg (Korona-pandemien) endra og utanlandske turistar var tilbake som ei viktig brukargruppe i t.d. norske verneområde. Det tydelegaste skiftet kom 5. juli då dei fleste europeiske land (såkalla ‘grøne land’) ikkje lenger var pålagt karantene eller smittetesting før besøk til Noreg. Difor vart det brukt både norske, engelske og tyske spørjeskjema. Likevel, koronapandemien har sterkt påverka brukarprofilar og turvanar i fjellet generelt (Selvaag m.fl. 2020), og data frå sommaren 2021 i Rondane-Dovre må tolkast i lys av dette. Blant anna vart det samla inn langt færre skjema i 2021 enn i 2009.

Det viktigste formålet med freda område etter naturmangfaldlova er å ta vare på verneverdiane. Forvaltninga vil derfor søkje gode løysingar for å takle ferdsel og bruk der dette kan truge verneverdiar. Hovudprinsippet i forvaltninga er å skjerme og redusere påverknad på dyre- og planteliv i dei mest sårbare områda, og heller legge til rette for bruk og ferdsel i mindre sårbare område. Villreinen brukar eit større areal enn det som er verna i Rondane og Dovre nasjonalparkar, og i denne rapporten brukar vi nemninga ‘randsone’ for dei områda som i dag sjeldan eller aldri blir brukt av villreinen. Eit viktig forvaltningsprinsipp blir difor å prøve å kanalisere dei besøkande til randsonen, og samtidig skjerme/hindre bruk av dei langt meir sårbare kjerneområda. Slik sett er ‘randsone’ her brukt som ein stad- og tilstandsavhengig arealkategori og som ikkje er klart avgrensa i plan- og lovverk.

Vi presenterer innsamla data på ein beskrivande måte, dei viktigaste mønstra vi meiner å sjå i datamaterialet. Det har ikkje vært rom for inngående analysar, t.d. på tvers av datasetta.

## 2 Metode



### 2.1 Bruk av sjølvregistreringskasser

Denne metoden har no blitt brukt i 35 år i Noreg, og hadde internasjonal utbreiing før det. Den er enkel og lite kostnadskrevjande, men føreset at bruksmønsteret i området ein vil kartlegge fylgjer stiar og tydelege ferdsselsårer. Metoden er nøyne omtalt i Vorkinn og Andersen (2010) og i Miljødirektoratet (2018), og vart også nedfelt som den valte metoden for å bygge kunnskap om bruken av store verneområde i samband med besøksstrategiarbeidet initiert frå Miljødirektoratet (2015).

I dette tilfellet er det SNO i Rondane-Dovre-området som har hatt ansvaret for å utplassere, ha tilsyn med kassene gjennom sesongen og ta dei ned att når dei ville avslutte registreringa. Tabellen nedanfor (tabell 2.1) og dei påfølgjane kartfigurane med markert plasseringspunkt er levert av SNO. Nasjonalparkstyret har også ordna med at utfylte skjema (N=1909) har blitt overført/omgjort til digital informasjon i eit Excel-skjema. Dette har NINA brukt som grunnlag for dataanalysen i programmet SPSS Statistics 27.

*Tabell 2.1 Registreringskasser 2021, utplassert i Rondane – Dovre*


Kassenummer og stad	Registringstid	Utfylte kort	UTM-Nord	UTM-Øst	Merknad
1 Grimsdalen	9/6 – 18/10	171	6895182	220799	På austsida av bru ved Bartbua der T-sti delar seg mot Dørålen og Storrvatnet.
2 Straumbu	24/6 – 18/10	306	6875418	240309	Vestsida av bru over Atna på T-sti mot Bjørnhollia
3 Dørålen	22/6 – 18/10	256	6884572	227976	Der T-stien delar seg mot Øvre og nedre Dørålsetrin
4 Gautåseter	9/6 – 18/10	185	6907657	216424	T-sti mot Grimsdalshytta
5 Spranghaugen	17/6 – 18/10	223	6867153	222876	Rett innafor Spranghaugen langs vegen til Rondvassbu
6 Høvringen - Kvannslådalen	17/6 – 18/10	279	6875777	210235	Der T-sti kryssar Np grense innafor Olstadsetrin mot Kvannslådalen
7 Smuksjøseter	17/6 – 18/10	391	6873111	215136	Langs T-sti til Peer-Gynt hytta
8 Søre Eldåseter	24/6 – 18/10	98	6854513	235224	T-sti mot Bjørnhollia
<b>Totalt</b>		<b>1909</b>			

**Geografisk plassering av registreringskassene i 2021.****1. Grimsdalen****2. Straumbu**


### 3. Dørålen




### 4. Gautåsæter/Hageseter



## 5. Spranghaugen




## 6. Hørringen-Kvannslådalen



## 7. Smuksjøseter



## 8. Søre Eldåsæter



## 2.2 Automatiske teljarar

NINA starta med automatiske teljingar i Rondane våren 2009, og i perioden etterpå har det vore eit samarbeid mellom NNA og Statens Naturoppsyn (SNO). Det er i alt målt i 46 lokalitetar innafor Rondane villreinområde, og dei aller fleste lokalitetane er i Rondane og Dovre nasjonalparkar. Brukarundersøkinga som vart gjennomført sommaren 2021 nytta ikkje eigne automatiske teljarar i eksakt same lokaliteten som svarkassene. Sidan dei valde lokalitetane for registreringskassen er dei mest sentrale innfallsportane til Rondane, har det likevel vore relevante teljingar nær desse lokalitetane. Vi presenterer her data frå teljarar ved desse 8 lokalitetane, og for nokre av lokalitetane viser vi fleire teljepunkt. Teljingane gjeld for standard periode sommarstid som inkluderer juli, august og september.

Vi har brukt to typar teljarar, TRAFx-teljar (TRAFx Research Ltd., Canmore, Alberta, Canada) og EcoCounter (Frankrike), som NINA har lang erfaring med. Data gjeld personteljarar, dvs. at sensoren i personteljaren reagerer på infraraud stråling (varme) i eit smalt søkjefelt og registerer kroppsvarmen når eit menneske passerer teljaren. Det er ein standard prosedyre for plassering av teljarane i høve til ein instruks utarbeidd på NINA; dette for å redusere og unngå moglege feilkjelder i teljeprosessen. Dei viktigaste faktorane er:

- å plassere teljaren ved smale delar av stien slik at berre ein og ein person passerar teljaren
- IR-sensorane vert plassert vinkelrett på stien i vardar omlag 1 m over bakken for å unngå å telje dyr, som sauvar eller hundar (men teljarane registerer då heller ikkje små barn)
- sørge for at ingenting, som greiner eller blad, står mellom sensoren og stien
- passe på at direkte eksponering for sollys vert unngått
- alt utstyr (sensor, teljar, batteri) vert skjult for å unngå at folk tuklar med det.

Teljarane vart utplassert før 1. juli og tatt ned etter 1. oktober.

Ifølgje produsenten (TRAFx Research Ltd., Canmore, Alberta, Canada) opererer teljarane innanfor ein feilmargin på  $\pm 5\%$  under 'normale' forhold. Før og etter montering vert teljarane testa med standardmetode ved å passere sensoren 100 gonger og registrere at feilmarginen er innafor  $\pm 5\%$ . Vi har ti års erfaring med denne typen teljarar og har tidligare testa presisjonen under ulike forhold (Andersen m.fl. 2014) og i felt etter observasjon (Gundersen m.fl. 2012; Vistad m.fl. 2019). I dei fleste tilfelle fungerer teljarane innafor ein feilmargin på 5 %. I perioden 2009–2014 har teknisk svikt i utstyret resultert i eit tap på 7 % av den totale teljetida (samla for alle teljarane på alle studiestadene, Andersen m.fl. 2014). Etter studieperioden vart teljedata gjennomgått manuelt og undersøkt for å kontrollere at døgn- og sesongvariasjonar verkar logiske. Eventuelle 'utliggarar' vart vurdert nærmare når det gjeld faktorar som: når i sesongen, vekedag, klokkeslett, verforhold, og samanlikna med andre teljarar langs same stien. I tilfelle med tilfeldige feilteljingar blir det gjort ein standard korrekjon av talet, som baserer seg på tilsvarande tidspunkt, vekedag og klokkeslett, to veker før og to veker etter.


Vi viser her kun samletal for heile sesongen for alle år som det finst gode tal for, frå teljarane i perioden 2009–2021. For detaljer rundt målingane viser vi til årsrapportane for teljarane i Rondane, og NINA rapportar (Gundersen m.fl. 2016, Strand m.fl. 2014).

## 3 Resultat


### 3.1 Automatiske teljingar

#### 3.1.1 Grimsdalshytta

NINA har hatt teljinger på begge dei merkte sørgåande stiane frå Grimsdalshytta, og siste måling var sommeren 2012. Den gong var det om lag 2000 passeringar i løpet av sommaren, ganske like tal for både stien mot Storrvatnet/Høvringen og stien mot Dørålseter.




*Figur 3.1. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.*



*Figur 3.2. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.*

### 3.1.2 Straumbu


Ved Straumbu har det vore målingar mot Bjørnhollia i heile perioden. Stien vart lagt om eit kort stykke i 2016, og teljaren fikk ny plassering om lag 300 meter lenger inn. Vi reknar ikkje at flytting av teljaren har hatt noko tyding for målingane, altså den viser totaltal folk som går stien inn mot Bjørnhollia. I perioden 2009-2012 var det jamnt 5000 passeringar i løpet av sesongen, medan dette hadde auka til om lag 6000 passeringar i perioden 2016-2021. NINA har hatt teljingar i andre lokalitetar i nærleiken. I Langglupdalen mellom Bjørnhollia og Dørålseter har tal passeringar vore om lag 3500 passeringar i perioden 2009-2018. Frå Straumbu mot Høgronden vart det i 2017 målt om lag 2500 passeringar. Frå Bjørnhollia mot Rondvassbu gjennom Illmannsdalen vart det det i 2012 og 2016 målt om lag 4500 passeringar.



Figur 3.3. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.



Mot Straumbu frå Rondeslottet. Foto: Vegard Gundersen




*Figur 3.4. Automatiske teljinger som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.*



Langglupdalen. Foto: Vegard Gundersen

### 3.1.3 Dørålen


NINA har tal for merkt sti innafor Dørålseter, før stikryss, frå perioden 2009-2017 som viser i gjennomsnitt rundt 5000 passeringar. Dette er ein lokalitet som burde målast igjen for å sjå på vidare utvikling.




*Figur 3.5. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.*

### 3.1.4 Hageseter / Gautåseter mot Grimsdalshytta

NINA har hatt målingar på to lokalitetar langs merkt sti mellom Hageseter og Grimsdalshytta. Lokaliteten innafor Hageseter før stigninga fangar opp mange dagsturistar, og hadde om lag 4000 passeringar i 2013 og 2020. Lokaliteten midt mellom Hageseter og Grimsdalshytta ved Steinbuhøe har i perioden 2009-2017 hatt ein aukande brukstendens, tala går frå 2500 til 3500 passeringar. Dette er også ein lokalitet som bør fylgjast opp med nye målingar, sidan den går gjennom sårbart villreinterregng.



*Figur 3.6. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.*




*Figur 3.7. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.*


### 3.1.5 Spranghaugen

NINA har saman med SNO hatt målingar på mange lokalitetar i dette området. Teljingane på grusvegen mellom Spranghaugen og Rondvassbu måler både syklistar og gåande, og bruken har auka i perioden 2009-2021, frå om lag 23 000 til om lag 30 000 passeringar. Det er også


mykje som tyder på at ferdselet strekkjer seg over ein lengre periode på barmark idag enn for 10 år sidan – dette kjem ikkje fram i tala. Det er no langt fleire som brukar skuldersesongane i juni og oktober/november. Vi tar med nokre andre lokalitetar i nærlieken, som den merkte stien langs nordsida av Ula med omlag 4000 passeringar. Stien over Randen mellom Peer-Gynt hytta og Rondvassbu har hatt litt variable tal. Det er også ein merkt sti som går gjennom Glitterdalen til Rondvassbu, og som hadde om lag 700 passeringar i 2017. I 2009 og 2010 var det om lag 3500 passeringar, i perioden 2015-2018 om lag 1500 passeringar, og siste to år om lag 1000 passeringar. Her er det med andre ord nedgang i bruken. Det har lenge vore diskutert å fjerne stimerkinga her.




Figur 3.8. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.




Figur 3.9. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.



Figur 3.10. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.



Figur 3.11. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.




Figur 3.12. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.

### 3.1.6 Høvringen – Kvannslådalen


Det er eit stort stinett på Høvringen, og det er vore teljingar ganske mange stader. Stien inn mot Kvannslådalen, målt etter stikryss mot Sletthø, viste i perioden 2009-2012 om lag 1300 passeringar. Stien over Sletthø mot Grimsdalshytta går gjennom sårbart villreinterreg og er fylgt opp med målingar i heile perioden. På denne stien har det vore nedgang, frå om lag 900 passeringar i perioden 2009-2014, til om lag 350 passeringar etter 2017. Det er viktig å fylgje med på vidare utvikling av denne stien, og det har vore diskusjonar om å fjerne stimerkinga. Umerkt sti frå Høvringen mot Gråhøe/Steinbuhøe hadde i 2014 2500 passeringer. Denne stien går i sårbart villreinterreg, og det må fylgjast opp med nye målingar for å sjå bruksutviklinga her. Vi kan også nemne målingane mot Formokampen, der det vart registrert om lag 6500 passeringar per sesong i perioden 2014-2018 (frå Høvringen), medan det frå Putten seter var rundt 3000 passeringar i 2016.



Stien inn Kvannslådalen. Foto: Vegard Gundersen



Figur 3.13. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.




Figur 3.14. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.


### 3.1.7 Smuksjøseter

Dette er den nest mest brukte innfallsporten til Rondane nasjonalpark, etter Spranghaugen. Snittmålingane som er gjort i heile perioden 2009-2021 ligg rundt 10 000 passeringar. Dei aller flest går dagstur til Peer-Gynt hytta. Vi tar også med eit par andre stiar i området. Stien frå Peer-Gynt hytta og opp mot Smiubelgen/Bråkdalsbelgen hadde aukande trend i perioden 2011-2016

frå 600 til 1400 passeringar. Det er viktig å fylgje opp med måling langs denne stien, sidan den kryssar viktig trekkpassasje for villrein. Også stien mellom Peer-Gynt hytta over Randen er viktig å nemne her (sjå lokalitet 3.1.5. Spranghaugen). Vi har også hatt målingar langs vegen inn mot Peer-Gynt hytta, som viser om lag 3500 passeringar i 2011 og 2012.




Figur 3.15. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.



Figur 3.16. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.

### 3.1.8 Søre Eldåseter


I denne lokaliteten har vi ikke hatt teljingar nær der svarkassa sto. Men målingane lenger inn på fjellet (mellan Eldåbu og Bjørnhollia) viser at det er om lag 1000 passeringar i løpet av sesongen, for perioden 2009-2020. Denne merkte stien går gjennom sårbart villreinterreng og det er diskutert om merkinga her bør fjernast. Vi har også målt den nedlagde stien mellom Musvoldalen og Eldåbu gjennom Steinbudalen; denne ligg på om lag 500 passeringar. Stien som vart nedlagt på 1990-tallet er i dag mange stader vanskeleg å finne (Fjelle 2020). Stien frå Eldåbu og vidare sørover mot Venabygdsfjellet skal fungere som erstatningssti for dei nedlagde stiane over Ramshøgda, og målingane i 2020 og 2021 viser om lag 850 passeringar. Vi har i tillegg hatt målingar på stien over Ramshøgda, og den viste berre 218 passeringar etter at den vart nedlagt.



Figur 3.17. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.



Figur 3.18. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.




Figur 3.19. Automatiske teljingar som viser tal passeringar uttrykt som sum for juli, august og september for år med kvalitetssikra tal.

### 3.2 Kjønn, alder, heimstad

Det er ei lita overvekt av kvinner (55 %) blant dei som har fylt ut kort. Kjønnsbalansen er omlag som i 2009, men no med endå litt fleire kvinner.

Snittalderen er 49 år og den er tilnærma lik for både kjønn. Når vi delar heile populasjonen inn i seks alderskategoriar på 10 og 10 år så ser vi at dei tre eldste kategoriene er i fleirtal (eldre enn 45 år – figur 3.20). Tendensen for Rondane-Dovre i 2021 forsterkar mønsteret frå 2009 – altså at Rondane-Dovre er eit «eldre-område», samanlikna med t.d. Jotunheimen som er ein «ungdomspark». Størst vekst i 2021 er det i kategorien 65 år og eldre, og gruppa over 55 år utgjer no 42 % mot 37 % i 2009.



*Figur 3.20 Fordeling av dei besøkande på seks alderskategoriar (n=1836)*


Dei norske gjestene dominerer (66 %), og dei 34 % fra «utlandet» kjem alle frå Europa (med unntak for tre personar).<sup>1</sup> Tyskland har den største utanlandske gruppa (19 % av heile populasjonen), deretter kjem Nederland (3 %) og Belgia (3 %). Skandinavia (utanom Noreg) har 5 % (flest danskar). Andre «store» land er Tsjekkia, Frankrike og Sveits (tilsaman 3 %). I alt er 22 nasjonar (+ Noreg) representert (n=1900). I 2009 var det noko færre utlendingar (30 %), men også den gong med tyskarar som største gruppa, men tydeleg færre (12 %) enn i 2021. Fleire nasjonar var representerte i 2009 (32 nasjonar), og dei nasjonane som var verdt å nemne spesielt (3 % eller meir) var Danmark, Sverige, Nederland og Tsjekkia. Altså: trass i pandemien har kassene registrert relativt fleire utlendingar i 2021 enn i 2009, men fordelt på færre nasjonar («ingen» utanfor Europa).

Dei aktuelle verneområda ligg i kommunane Dovre, Folldal, Sel, Stor-Elvdal, Nord-Fron, Sør-Fron og Ringebu. Det er registrert 85 brukarar frå desse kommunane, altså 5 % av populasjonen. Den største gruppa av norske er frå Austlandet (35 %, pluss dei lokale). Fordelinga på andre landsdelar går fram av figur 3.21.<sup>2</sup> For dei norske besøkande i 2009 var delen lokale (4 %) omlag

<sup>1</sup> Det var strengare innreiseregler til Noreg for land utanfor Europa, grunna pandemien (på line med såkalla 'raude land' i Europa: testkrav før innreise og karantenetid etter innreise).

<sup>2</sup> Ein rest av dei norske (3 %) har ikkje registrert postnummer.


som i 2021, men med langt fleire frå Austlandet elles (45 %). For dei andre norske regionane er det lita endring frå 2009 til 2021.



Figur 3.21. Fordelinga mellom norske og utanlandske brukarar (til venstre). Til høgre er prosentfordelinga av dei norske på regionar (av heile populasjonen)


### 3.3 Turen og turfølgjet

Tre av fire (75 %) gjennomfører turen i juli eller august, og med nesten heilt lik fordeling på dei to månadane. Fordelinga elles går fram av figur 3.22.



Figur 3.22. Fordelinga på månadar då brukarane fylte ut registreringskort sommaren 2021 (n=1890)

Nedanfor (figur 3.23) ser vi fordelinga i juli (n=700) og august (n=711). Det er størst trykk i andre halvdel av juli og første halvdel av august, men også mange dagar utover i august med ganske stort besøk.




Figur 3.23 Dei dagane i juli og august 2021 då besøkande fylte ut registreringskort

På spørsmål om kor lenge dei skal vere i «dette fjellområdet» denne gongen, så strekkjer svara seg frå 1 dag til 365 dagar (figur 3.24). Gjennomsnittet er 4 dagar<sup>3</sup> (n=1774).

Det er nær tre av fire (73 %) som berre skal gjere denne eine turen i 2021; dei siste 27 % har besøkt eller har planar om å besøke området fleire gonger.

Omlag 17 % er aleine på turen og den klart vanlegaste typa turfølje er to og to (56 %). Vi kan merke oss at det er vanlegare å vere fire ilag på turen enn tre. Nokre få registrerer at dei er med grupper på over 10 personar, men desse utgjer mindre enn ein prosent av populasjonen. I gjennomsnitt er eit (teoretisk) turfølgje på 2,5 personar (n=1796).

Berre 13 % har med seg barn under 15 år på denne turen (n=1847). Dette er noko færre enn i 2009 då talet var 16 %. I gjennomsnitt er det yngste barnet i gruppa 8 år, men det er også med 36 «minstebarn» på eitt eller to år.




Figur 3.24. Kor lenge skal gjestene opphalde seg i Rondane-Dovre-området i samband med denne turen inn i studieområdet.

<sup>3</sup> Her er dei tre som svarar 'eitt år', og dei som er koda med 98 (= 'veit ikkje') trekt ut av materialet.

### 3.4 Tidlegare friluftslivserfaring.

Her er spørsmålet stilt slik: Kor mange gonger (i løpet av heile livet) har du vore på ein fleirdagars fot- eller skitur? Og dei seks svaralternativa går fram av figur 3.25. Vi ser at det er stor variasjon, men den største kategorien er dei med meir enn 20 slike turar (27 %). Nesten like mange (24 %) har aldri eller berre ein gong vore med på ein slik fleirdagarstur (n=1814).



Figur 3.25. Tidlegare erfaring med fleirdagarstur til fots- eller på ski (n=1805).

Det er stor variasjon i turerfaring både blant utlendingar og norske, men utlendingane er noko mindre erfarte enn dei norske. Blant utlendingar er 'aldri' det vanlegaste svaret (23 %), medan nordmennene har 'meir enn 20 gonger' som det vanlegaste (31 %).

Dette spørsmålet vart ikkje stilt i 2009.

### 3.5 Tidlegare besøk og kjennskap til Rondane-Dovre

Noko over halvparten (53 %) har vore i området før – om sommaren, og i gjennomsnitt har desse vore her 10 gonger før. Berre 23 % har vore her om vinteren før, men desse har til gjengjeld lengre erfaring med eit snitt på 16 vintrar.


Dei med sommarerfaring har vore her frå 1 til 75 somrar, og dei vintererfaring har frå 1 til 70 vintrar.

Førtitre prosent har ikkje vore i Rondane-Dovre-området før. Tilsvarande tal frå 2009 var 37 %. Generelt viser tala frå 2009 at fleire den gong hadde vore her før, både sommarstid (61 %) og vinterstid (30 %). Når det gjeld kor mange gonger dei har vore her før så er gjennomsnittet for sommaren 10 gonger, både i 2021 og i 2009. Berre talet for tidlegare vinterbesøk ligg (i snitt) litt høgare i 2021 (16 gonger) enn i 2009 (14 gonger).

### 3.6 Formålet med reisa og med turen

Gjesten vart spurt om korleis denne turen i Rondane-Dovreområdet inngjekk i reisa dei var ute på; var turen hovudmålet med reisa, var den del av ei rundreise, eller var turen eitt av fleire formål? For halvparten var denne turen hovudmålet, for 30 % var den del av ei rundreise og for dei siste 20 % var dem eit av fleire formål (n=1856).

Når det gjeld sjølve turen i Rondane-Dovre så er to av tre (65 %) på dagstur til fots, og gjennomsnittleg turlengde er 4,4 timer. Dette er omlag som i 2009 då 63 % var på dagstur og snittet var 4,8 timer (figur 3.26).



Figur 3.26. Kor mange timer går dei som er på dagstur (n=1165)?<sup>4</sup>

Omlag ein fjerdedel (26 %) reknar turen sin som «del av ein fleirdagarstur».<sup>5</sup> Den gjennomsnittlege turlengda var 5,7 døgn. Vi ser at det er nokre få veldig lange turar som dreg opp gjennomsnittet. Om vi kuttar ut dei som har ført opp tre veker (21 dagar) eller mindre blir snittet 4,5 dagar<sup>6</sup>. Figur 3.27 viser at den vanlegaste lengda er 3 eller 4 dagar/døgn. I 2009 var 32 % på fleirdagarstur og gjennomsnittleg turlengde var 4,3 dagar.

Kvar tiande gjest (11%) skriv att dei dreiv med ‘andre aktivitetar’. Nokre få av desse personane (omlag 30) overlappar med dei som også har markert ‘dagstur til fots’ eller ‘fleirdagarstur’. Men når vi går gjennom oppført ‘aktivitet’ (for dei som ikkje har «dobbeltkryssa») så er det mange som vi «normalt» ville ha karakterisert som ‘dagstur til fots’ (mosjon, luftetur, spasertur, se naturen) eller ‘del av fleirdagarstur’ (pilegrimsvandring/-leden, langtur, gå St. Olavsleden, rundt Norge, kos i natur med telt, toppturer). Resten listar ei lang rekke med formål (aktivitetar, interesser, motiv..) som dei søker å få tilfredsstilt i eller rundt området, men som ikkje er like


<sup>4</sup> Her er alle «halve timer» runda av oppover, slik at t.d. 3,5 timer er omgjort til 4 timer.

<sup>5</sup> Her har 4 stk kryssa for «del av fleirdagarstur», men at den varte éin dag. Desse er kutta ut her. Dette kan t.d. vere nokon som er på langtur, inkl. å gå gjennom Rondane-Dovre, og at dei berre er eitt døgn i «dette området»? Det er heilt sikkert fleire i denne kategorien og som har svart for heile turlengda si. Spørsmålsformuleringa kan verke forvirrande.

<sup>6</sup> I samanlikningane seinare, mellom ulike innfallsportar og med andre nasjonalparkar, er det ramma på tre vekers tur som er brukt.

relevante inne i verneområda (bubilovernatting, biltur, kjøretur, motorsykkeltur), og andre er svært generelle (ferie, lufte hunden, kos, gjennomreise, besøk, bryllup, rastestopp). Det kan sjå ut til at mange av desse ikkje har svara på «den turen du er på idag», men meir den reisa dei er ute på. Nokre aktivitetar er arbeidsrelatert, som hyttevakt, beitetilsyn og sauesank. Dei som er meir relevante for verneområda og har litt omfang er særleg sykkeltur (2 %), og vidare camping, fotografering, jakt, fiske og hytteopphald (ingen av desse siste aktivitetane omfattar kvar seg fleire enn 0,6 % av brukarane)

I 2009 var 2 % på fisketur (både dags- og fleirdagars), og tilsaman 6 % var på «sykkeltur, biltur, bærtur, geocaching mm» (Vorkinn og Andersen 2010, s. 31).



Figur 3.27. For dei 499 personane som var på fleirdagarstur; kor lenge var dei på tur?<sup>7</sup>

Når vi samanliknar dei norske og dei utanlandske gjestene så er det tilnærma ingen skilnad i fordeling på dagstur (66 % og 65 %), fleirdagars tur (28 % og 26 %) og andre aktivitetar (10 % og 11 %).

I 2009 vart det fylt ut 5574 kort, mot årets 1909. I 2009 var det difor meiningsfullt å skilje ut bustadsgrupper og sjå om det var skilnader i aktivitetar; det var berre 'dei lokale' og nederlendarar som hadde spesielt mange på dagstur, medan tsjekkarane i større grad enn andre var på fleirdagarstur.

### 3.7 Skaffa ein seg informasjon før turen?

Dei fleste (63 %) skaffa seg informasjon før turen sin, medan resten svarar 'nei' på spørsmålet (n=1876). Svara ein 'ja' kunne ein følgje opp med tekst om kvar ein fann informasjon. Her er det stor variasjon, men klart størst er 'internett' (i vid forstand) som inngang til informasjonen – rundt


<sup>7</sup> Her er alle «halve døgn» runda av til heile døgn, slik at t.d. 3,5 døgn er gjort til 4 døgn.

60 %.<sup>8</sup> Elles har ein god del fått informasjon frå ‘venner og kjente’, ‘bøker og brosjyrer’, ‘kart’, ‘turistinformasjon/ turistbedrifter’. ‘Skilt/infoskilt’ er svært sjeldan nemnt.

Det er noko fleire av utlendingane (67 %) som søker informasjon enn av dei norske (61 %). Men omfanget av ‘internett’-søk ser ikkje ut til å vere hyppigare blant utlendingar. ‘Turguide’ er det berre utlendingar som har nemnt som info-kjelde (7 % av utlendingane som har søkt info) – dette er truleg å tolke som personleg informasjon frå ein guide, og ikkje ‘turguide’ som ei bok eller ein brosjyre? Det er nokre typiske norske nettsider (særleg ut.no) som relativt færre av utlendingane har nytta seg av.

### 3.8 Nøgd med tilrettelegging for friluftsliv?

Det store fleirtalet er godt nøgd med tilrettelegginga for friluftsliv (figur 3.28). Heile 87 % er enten nøgd eller svært nøgd med tilrettelegginga (n=1796).



*Figur 3.28. Kor nøgde er gjestene med tilrettelegginga for friluftsliv i Rondane-Dovre-området (n=1787)? Skala frå 1 (svært misnøgd), via 3 (Verken eller) til 5 (Svært nøgd).*

Nordmenn og utlendingar svarar her både likt og ulikt. For både gruppene er 4 (nøgd) den vanligaste kategorien, og tydelegast for utlendingane (52 %). Likevel er utlendingane noko mindre nøgde med tilrettelegginga (gjennomsnitt 3,9): 8 % svarar 1 (svært misnøgd) mot 1 % av dei norske, og «berre» 30 % svarar 5 (svært nøgd) mot 44 % av dei norske (gjennomsnitt 4,3). Skilnaden gjev seg utslag i signifikant ulike svar frå dei to gruppene ( $t(1785)=8.60; p<.001$ ).

I 2009 vart eit liknande spørsmål lagt inn i etterundersøkinga (Andersen og Gundersen, 2010). For tilrettelegginga sommarstid (som er den relevante samanlikninga her) ligg gjennomsnittet for nordmenn på 4,22 og utlendingar på 4,11 (same svarskalet som i 2021), altså mindre skilnad mellom gruppene enn i 2021.

<sup>8</sup> Svært få nemner sosial media (og berre Facebook, blogg-sider og Instagram)

## 3.9 Vurdering av kvalitetar og tilstand i Rondane

### 3.9.1 Truga dyr?

Det er eit lite fleirtal (53 %) som seier at dei *ikkje* veit kva dyr som er truga i Rondane-Dovreområdet. Her er det først og fremst utlendingane som gjev utslag på fordelinga. Av dei norske er det 44 % som ikkje veit, og blant utlendingane 69 %. Dei fleste av dei som seier dei veit kjem med forslag til kva dyr det er snakk om, og ganske mange med både to og fleire forslag. I sum er det klart flest som svarar villrein (70 % av dei som svarar). Av andre artar er moskus og fjellrev oftast nemnt.

Dette spørsmålet var ikkje med i 2009.

### 3.9.2 Eit villmarksormåde?

Tre av fire (76 %) oppfattar heile Rondane-Dovreområdet som villmark. Berre 6 % svarar 'Nei, ikkje i det heile tatt'. Dei siste 19 % svarar 'delar av området' (n=1837). Norske og utanlandske skil lag på alternativa «heile området» (73 % og 82 %) og på «delar av området (22 % og 12 %). På det oppfølgjande spørsmålet 'kva område?' så er ein sjeldan geografisk presis (i form av å bruke namn i området). Her er nokre eksempel på svar vha. namn: Innafor Spranget, nord for Rondvassbu, nord for Smuksjøen, sørvest for Gravhøe, Vuludalen, Vulufjellet). Fleire nemner heller litt grovt kva kriteria som må vere oppfylt; delvis i form av «der det ikkje er ...» (t.d. hytter, vegar, stiar, folk, bilveg, camping, bygningar, inngrep, busetjing), eller «der det er ...» (t.d. høge fjellmassiv, delar av nasjonalpark, kjerneområdet, lite folk, nasjonalparken).

Dette spørsmålet var ikkje med i 2009.

### 3.9.3 Tiltak for å verne om sårbar natur?

Det vart bede om synspunkt på to tiltak «*for å beskytte sårbar natur*»: Legge om eksisterande merkte turuter? og Forbod mot ferdsel langs visse ruter i november? (med svarskala frå 1 (svært negativt) til 5 (svært positivt)). Det var eit ganske tydeleg positivt syn på det å legge om ruter. Vel halvparten (52 %) var enten positive eller svært positive, medan 17 % var negative eller svært negative. Og det same mønsteret (men endå tydelegare) gjeld for ferdelsforbod i november (på visse ruter); heile 64% var positive eller svært positive, og berre 8 % negative eller svært negative.

For båe forslaga er utlendingane signifikant meir positive til tiltaket enn dei norske. For å 'legge om ruter' hadde utlendingane eit snitt på 3,7 og dei norske 3,3 ( $t(1726) = -6.31; p < .001$ ), og for å 'stenge ruter i november' tilsvarande snitt på 4,0 og 3,7 ( $t(1662) = -4.13; p < .001$ ).

Dette spørsmålet var ikkje med i 2009.

### 3.9.4 Møtte du syklistar langs stiar på denne turen?

Her svarar 3 av 4 (77 %) 'nei', og altså 23 % 'ja', og både utlendingar og nordmenn har same svarfordeling. På oppfølgjande spørsmål om 'kvar?' så svarar veldig mange i ja-gruppa slik at dei ikkje viser til 'møte langs sti', men 'møte på veg', eller til stadnamn som har veggtilknyting. Slik bryt dei nok med føresetnaden i spørsmålet. Truleg er altså ikkje «23 % ja» til å stole på. Den lokaliteten med (i hovudsak) stiar som flest nemner (rundt 30 skjema) er området rundt Peer-Gynt hytta, av og til spesifikt stien mellom Smuksjøsæter og Peer-Gynt hytta.

Dette spørsmålet var ikkje med i 2009.

## 3.10 Besøksprofil for innfallsportane i 2009 og 2021

I dette kapitlet gjev vi ein kort presentasjon og diskusjon av brukarprofilane til dei besøkande, forbi dei 8 innfallsportane som blei målt sommaren 2021. Vi sammenliknar med tilsvarende undersøking frå sommaren 2009. For å kunna samanlikne turlengder med 2009 har vi berre tatt med dei som har turlengder mindre eller lik 21 dagar.

### 3.10.1 Grimsdalshytta

Grimsdalshytta er sentralt plassert langs Grimsdalsvegen med biltrafikk og merkt stinett (DNT), frå Høvringen, frå Dørålsæter og frå Gautåsæter/Hagesæter i nord. Denne kombinasjonen set sitt preg på lokaliteten. Det vart samla inn 382 skjema i lokaliteten i 2009 og 171 i 2021.

*Tabell 3.1. Nøkkeltal for dei besøkande i 2009 og 2021 for dei som startar/passerer registreringskassa ved Grimsdalshytta.*

1 GRIMSDALSHYTTA					
Antall innsamlede skjema 2009: 382 / 2021: 171					
Årstall	2021	2009		2021	2009
Andel nordmenn	70,2	57,1	Andel som går utenfor sti		1,1
Andel førstegangsbesøkende	38,6	40,8	Andel som ønsker sterkt tilrettelegging		67,0
Andel som er på dagstur	51,5	46,3	Andel som ønsker middels tilrettelegging		23,6
Varighet dagstur (gj.snitt timer)	4,96	5,04	Andel som ønsker liten tilrettelegging		9,4
Varighet flerdagerstur (gj.snitt dager)	4,75	4,69	Andel som overnatter på fjellet		47,9
Andel som er med på organisert tur		5,1	Kvinneandel	57,6	55,3
Andel som går bare på sti		89,9	Andel som går alene	14,7	12,8
Andels om går både på og utenfor sti		9,0	Andel som går med barn under 15 år i følge	13,4	18,9

Stien mot Storrvatnet og Høvringen har i snitt vel 2000 passeringar, medan stien mot Gravhø og mot Dørålseter har i overkant av 1700 passeringar. Meir brukt er stien over mot Gautåsæter/Hageseter. Grimsdalshytta hadde ein stor del utanlandske besøkande (43%) i 2009, men denne er redusert til 30% i 2021. Det er ein stor del førstegangsbesøkande (39%). Denne delen førstegangsbesøkande er nest størst i Rondane og Dovre nasjonalparkar, berre Spranget har høgare. Grimsdalshytta har fleire fleirdagsturistar enn dagsturistar. I snitt er lengda dagstur på 5 timer, og lengda fleirdagstur 4,8 dagar, og denne har auka sidan 2009. Grimsdalshytta er staden for barnefamiliar, og kvar femte respondent hadde med barn i fylgjet i 2009, men dette er redusert til 13% i 2021. Ein stor del av dei besøkande fylgjer merkte stiar og infrastruktur i området.

Det er høve til å gjøre mange tiltak ved Grimsdalshytta. Området har alt ein del tilrettelegging og attraksjonar. Mange bilturistar ønskjer å gå kortare turar (rundturar, tematiske stiar osv.) og ein kan gjøre mykje for å legge til rette for barn i lokaliteten. Alle førstegangsbesøkande i lokaliteten treng informasjon og infrastruktur. Det er mange fleirdagsturistar som følger T-merka stinett, og dei held seg oftast strengt til stien.

### 3.10.2 Straumbu

Straumbu er den mest brukte innfallsporten frå Atndalen til Rondane. Dei fleste går turen mot Bjørnholla og vidare gjennom Illmannsdalen mot Rondvassbu, gjennom Langlupdal mot Dørålen og forbi Vulutjønna mot Eldåbu. Det er også ein del som går mot Høgronden. Teljar og svarkasse sto ganske nær kvarandre i 2009, og det vart i alt samla inn 739 skjema i 2009 og 306 i 2021.

*Tabell 3.2. Nøkkeltal for dei besøkande i 2009 og 2021 for dei som startar/passerer registreringeskassa ved Straumbu.*

2 STRAUMBU					
Antall innsamlede skjema 2009: 739 / 2021: 306					
Årstall	2021	2009		2021	2009
Andel nordmenn	38,8	62,6	Andel som går utenfor sti		2,1
Andel førstegangsbesøkende	54,6	38,0	Andel som ønsker sterkt tilrettelegging		76,5
Andel som er på dagstur	65,4	67,4	Andel som ønsker middels tilrettelegging		18,0
Varighet dagstur (gj.snitt timer)	4,33	4,62	Andel som ønsker liten tilrettelegging		5,4
Varighet flerdagerstur (gj.snitt dager)	3,64	3,92	Andel som overnatter på fjellet		33,0
Andel som er med på organisert tur		3,2	Kvinneandel	52,5	50,3
Andel som går bare på sti		91,2	Andel som går alene	13,3	12,0
Andels om går både på og utenfor sti		6,6	Andel som går med barn under 15 år i følge	14,7	15,4

I alt vart det registrert i overkant av 5000 passeringar inn frå Straumbu. Det er ein stor del utanlandske besøkande i lokaliteten (37% i 2009), og denne har auka til 61% i 2021. Det er mange førstegangsbesøkande her (55%). Mange er på dagstur. Fleirdagsturane er relativt korte. Ein god del barn er i følgje med voksne. Straumbu er ein typisk innfallsport for familiar og vennegrupper. Det er få som er med på organisert tur (kun 3%). Dei aller fleste som går inn frå Straumbu fylgjer merkte stiar (92%), men få overnattar i fjellet (33%). Dette viser at det er mange som er på biltur og på rundreise i området, som stoppar opp på Straumbu og tar seg ein kort spasertur eller dagstur. Straumbu er den innfallsporten som har desidert størst del besøkande som er positive til fysisk tilrettelegging.

Med utgangspunkt i kunnskap om dei besøkande, er det rom for å utvikle attraksjonar og tilrettelegging i lokaliteten. Problemet er at dette er ein svært sårbar lokalitet pga. dyrelivet (Eide m.fl. 2015), og ferdselet bør ikkje strekke seg vestover til nye områder. Det er mange som stoppar ved denne innfallsporten og går ein tur, og dei etterspør både korte og lange turalternativ. Vi vil spesielt peike på høvet til å utvikle korte rundturar i området, men dette må skje austover mot Sølnkletten villreinområde. Slike kan evt. kombinere attraktive turmål og utsikt mot Rondanemasivet.



Padling på Atna, ved Straumbu. Foto: Vegard Gundersen

### 3.10.3 Dørålen

Det er bomveg mot Dørålsæter og mange kører til enden av vegen og startar turen ved nasjonalparkgrensa. I alt vart det samla 731 skjemaer i 2009 og 256 i 2021.

*Tabell 3.3. Nøkkeltal for dei besøkande i 2009 og 2021 for dei som startar/passerer registreringskassa ved Dørålen.*

3 DØRÅLEN					
Antall innsamlede skjema 2009: 731 / 2021: 256					
Årstall	2021	2009		2021	2009
Andel nordmenn	75,0	73,1	Andel som går utenfor sti		2,6
Andel førstegangsbesökende	36,7	34,5	Andel som ønsker sterkt tilrettelegging		69,2
Andel som er på dagstur	55,9	42,1	Andel som ønsker middels tilrettelegging		19,6
Varighet dagstur (gj.snitt timer)	5,26	6,03	Andel som ønsker liten tilrettelegging		11,2
Varighet flerdagerstur (gj.snitt dager)	4,56	4,55	Andel som overnatter på fjellet		45,8
Andel som er med på organisert tur		9,3	Kvinneandel	54,7	52,3
Andel som går bare på sti		81,4	Andel som går alene	21,0	11,8
Andels om går både på og utenfor sti		15,8	Andel som går med barn under 15 år i følge	12,4	14,5

Det er registrert 5500 passeringar ved Dørålsæter, og målinga er gjort rett før stikrysset innafor turisthytta. Dørålsæter har forholdsvis mange nordmenn (75%), og i alt 37% er førstegongsbesökende. Dørålsæter er ein typisk innfallsport for fleirdagsturar, men dagsturdelen har auka sidan 2009. I alt 44% er på fleirdagstur, og turen har ei lengde på 4,6 dagar. Her er det verdt å merke seg at nokre få veldig lange turar dreg opp snittet. Det er vanleg å gå fleire i fylgje, og

også organiserte turar utgjorde ein god del for denne lokaliteten i 2009 (9%). Dette er mest DNT turar og lokale foreiningar. Sjølv om dei aller fleste fylgjer merkte stiar, er det om lag 18% som går utanfor sti eller i kombinasjon med sti. Brukarane er moderat positive til tilrettelegging i lokaliteten.

Det er ikkje føreslått så mange tiltak for denne lokaliteten. Dei fleste er på fleirdagstur og går ein godt planlagt tur. Dørålen er eit stort stikryss og det kjem fleirdagsturistar frå Grimsdalshytta, frå vegen inn Dørålen, frå Bjørnhollia, frå Rondvassbu og frå Høvringen.

### 3.10.4 Hageseter/Gautåsæter

Gautåsæter / Hageseter er viktigaste innfallsporten frå Hjerkinn i nord, inn i Dovre nasjonalpark. Det er mange gamle vegfar i Dovre nasjonalpark, men med fjerning av merkinga på stien inn frå Avsjøen og inn frå Fokstuggu mot Grimsdalshytta, er dette den einaste merkte stien i Dovre nasjonalpark. Stien vidare mot Grimsdalshytta og vidare sørover er den viktigaste nord-sør aksjen med ferdsel i Rondane. Det vart samla inn 520 skjema i lokaliteten i 2009 og 185 i 2021.

*Tabell 3.4. Nøkkeltal for dei besøkande i 2009 og 2021 for dei som startar/passerer registreringskassa ved Gautåsæter/Hagesæter.*

4 HAGESETER / GAUTÅSÆTER					
Antall innsamlede skjema 2009: 520 / 2021: 185					
Årstall	2021	2009		2021	2009
Andel nordmenn	66,1	72,1	Andel som går utenfor sti		1,6
Andel førstegangsbesökende	45,9	38,8	Andel som ønsker sterkt tilrettelegging		71,5
Andel som er på dagstur	44,9	45,7	Andel som ønsker middels tilrettelegging		20,7
Varighet dagstur (gj.snitt timer)	5,55	3,82	Andel som ønsker liten tilrettelegging		7,8
Varighet flerdagerstur (gj.snitt dager)	6,13	5,28	Andel som overnatter på fjellet		54,6
Andel som er med på organisert tur		5,3	Kvinneandel	51,1	54,3
Andel som går bare på sti		93,7	Andel som går alene	25,3	12,1
Andels om går både på og utenfor sti		4,7	Andel som går med barn under 15 år i følge	10,5	12,4

Gautåsæter/Hageseter er ein mykje brukta innfallsport, med i gjennomsnitt nesten 4500 passeringar. Innfallsporten har 34% utanlandske besøkande, og ein stor del fyrstegongsbesøkande (46%). Delen fyrstegongsbesøkande er tredje størst i Rondane og Dovre nasjonalparkar. Lokaliteten er prega av mange fleirdagsturistar, heile 55%, og turane er ganske lange (over 6 dager). Dagsturane er også lange, og desse har auka siden 2009. Det er 11% med barn i fylgjet. DNT-turisten dominerer fleirdagsturen, og også dei som går dagstur fylgjer i hovedsak merkt sti. Mange av desse overnattar på turisthyttene til DNT i Rondane. Dei besøkande er ganske positive til tilrettelegging i lokaliteten.

Dei besøkande til denne lokaliteten er ganske lett å påverke gjennom tiltak, både fordi her er mange utanlandske gjester og fordi det er mange som er her for første gong. Men det at det er så mange fleirdagsturistar gjer at ferdselet her ganske forutseieleg og fylgjer merkt sti. Derfor er det dagsturisten ein ev. kan legge ytterlegare til rette for her. Dagsturisten kan kanaliserast i sterkare grad mot rundturar, attraksjonar og tematiske stiar i nærområdet.

### 3.10.5 Spranghaugen

Spranget eller Spranghaugen er ein parkeringsplass på grensa til nasjonalparken, og vegen går vidare inn til Rondvassbu. I alt vart det samla 1817 skjema her i 2009, frå både svarkasse og uplasserte skjema på bilar, og 223 frå kassa i 2021. Spranget er den mest brukte innfallsporten til Rondane nasjonalpark, og i gjennomsnitt har teljaren registrert over 30 000 passeringar dei seinare år.

*Tabell 3.5. Nøkkeltal for dei besökande i 2009 og 2021 for dei som startar/passerer registreringsskassa ved Spranghaugen*

5 SPRANGHAUGEN					
Antall innsamlede skjema 2009: 1817 / 2021: 223					
Årstall	2021	2009		2021	2009
Andel nordmenn	61,0	65,4	Andel som går utenfor sti		2,8
Andel førstegangsbesökende	59,2	46,8	Andel som ønsker sterkt tilrettelegging		69,8
Andel som er på dagstur	63,2	56,9	Andel som ønsker middels tilrettelegging		21,0
Varighet dagstur (gj.snitt timer)	4,86	5,47	Andel som ønsker liten tilrettelegging		9,1
Varighet flerdagerstur (gj.snitt dager)	3,58	3,31	Andel som overnatter på fjellet		45,7
Andel som er med på organisert tur		4,6	Kvinneandel	59,7	47,7
Andel som går bare på sti		85,5	Andel som går alene	16,0	11,9
Andels om går både på og utenfor sti		11,6	Andel som går med barn under 15 år i følge	15,8	18,3

Det er 39% utlendingar i lokaliteten, og mange land er representert. Spranget har desidert flest fyrstegongsbesökande av alle innfallsportane til Rondane og Dovre nasjonalparkar (59%). Litt fleire er på dagstur enn på fleirdagstur. Lengda på dagsturen er på 4,9 timer, medan fleirdags-turane i gjennomsnitt er kort, 3,6 dager. Mange barnefamiliar brukar denne innfallsporten, og er saman med Grimsdalshytta dei innfallsportane med størst del barn i turfylgia. Mange går i grupper inn i området, men sjeldan som organisert tur. Det er vanleg å følge vegen og merkte stiar, men også ein god del som går både på og utanfor sti. Dei fleste besökande er positive til tilrettelegging.

Det er gode høve for å styre ferdseLEN ytterlegare rundt denne lokaliteten, og dette er påpeika i flere forskingsarbeid (Strand m.fl. 2014; Gundersen m.fl. 2014, 2016). Det er spesielt aktuelt å utvikle gode attraksjonar i randsona for å tiltrekke seg turistar dit, og for å begrense bilkøyringa inn til Spranget.



Peer-Gynt hytta. Foto: Vegard Gundersen

### 3.10.6 Høvringen-Kvannslådalen

Høvringen er eit stort og «innhaldsrikt» område, med mange turisthytter, private hytter og eit tett nettverk av stiar og innfallsportar. Plasseringa til svarkassa og teljarane fangar berre opp ein liten del av den totale ferdselet i området. Svarkassa sto plassert langs den merkte stien mot Kvannslådalen-Dørålseter, og teljarane var plasserte ved stien inn Kvannslådalen og over Sletthø mot Grimsdalshytta. Teljarane viser forholdsvis låge tal på desse stiane: i overkant av 800 passeringar mot Sletthø og om lag 1300 passeringar gjennom Kvannslådalen. Det er mange andre umerkte stiar som også har trafikk i området, og resultata fra Høvringen må også sjåast i samanheng med lokaliteten på Smuksjøsæter og ferdsel videre mot Peer-Gynt hytta. Også utviklinga av stiar og attraksjonar i området rundt Formokampen må sjåast i samanheng med data som er samla inn på stien inn Kvannslådalen. I alt vart det samla 510 skjema i 2009 og 279 i 2021.

*Tabell 3.6. Nøkkeltal for dei besøkande i 2009 og 2021 for dei som startar/passerer registreringskassa ved Høvringen-Kvannslådalen.*

6 HØVRINGEN-KVANNSLÅDALEN					
Antall innsamlede skjema 2009: 510 / 2021: 279					
Årstall	2021	2009		2021	2009
Andel nordmenn	84,0	80,4	Andel som går utenfor sti		2,4
Andel førstegangsbesökende	2,2	23,7	Andel som ønsker sterkt tilrettelegging		68,0
Andel som er på dagstur	79,5	72,6	Andel som ønsker middels tilrettelegging		21,9
Varighet dagstur (gj.snitt timer)	4,18	4,15	Andel som ønsker liten tilrettelegging		10,1
Varighet flerdagerstur (gj.snitt dager)	4,61	4,76	Andel som overnatter på fjellet		59,8
Andel som er med på organisert tur	2,9		Kvinneandel	57,0	56,9
Andel som går bare på sti		89,6	Andel som går alene	22,8	15,7
Andels om går både på og utenfor sti		7,9	Andel som går med barn under 15 år i følge	9,3	7,4

Viktige karaktertrekk ved dei besøkande til denne lokaliteten (n=510) er høg del norske, og at mange av dei har vore i området mange sesongar. Sidan det er mange turisthytter og private hytter i området er det mange som er på dagstur og desse turane er ganske korte (4,2 timer). Det er også overvekt av godt vaksne på Høvringen, dvs. få barnefamiliar og relativt ofte går ein tur aleine. Mange overnattar altså i nærområdet. Dei som går langs merkt sti på Høvringen er moderat positive til tilrettelegging.

Selvaag m.fl. (2020) testa på Høvringen kva som skulle til for at dei som brukar dei indre sårbare kjerneområda for villreinen, heller skulle bruke dei mindre sårbare randområda. Studien var basert på spørjeskjema (n=498) og viser at dei som brukar kjerneområda er villige til å bruke randområda dersom dei får gode tilbod der og samtidig veit at dei då utøver ein skånsam ferdsel. Det viktigaste er då å halde fram arbeidet med å utvikle attraksjonar og rundturar i randområda, slik som Formokampen og Anaripiggen/Karihaugen.



Høvringen. Foto: Vegard Gundersen

### 3.10.7 Smuksjøsæter

Smuksjøsæter ligg i enden av grusvegen (bomveg) som går til grensa for Rondane nasjonalpark. Innfallsporten har nest flest besøkande i Dovre og Rondane nasjonalparkar, etter Spranget, med om lag 10 000 passeringar langs merkt sti mot Peer-Gynt hytta. Dei fleste er på dagstur og passerer teljaren to gonger, dvs. at det er om lag 5000 personar som går tur mot Peer-Gynt hytta. Det vart samla 2037 skjema i lokaliteten i 2009 og 391 i 2021.

*Tabell 3.7. Nøkkeltal for dei besøkande i 2009 og 2021 for dei som startar/passerer registreringskassa ved Smuksjøsæter.*

7 SMUKSJØSÆTER					
Antall innsamlede skjema 2009: 2037 / 2021: 391					
Årstall	2021	2009		2021	2009
Andel nordmenn	63,6	70,0	Andel som går utenfor sti		0,7
Andel førstegangsbesøkende	49,6	29,7	Andel som ønsker sterkt tilrettelegging		71,3
Andel som er på dagstur	87,7	82,0	Andel som ønsker middels tilrettelegging		23,0
Varighet dagstur (gj.snitt timer)	4,44	4,66	Andel som ønsker liten tilrettelegging		5,7
Varighet flerdagerstur (gj.snitt dager)	3,95	3,90	Andel som overnatter på fjellet		48,3
Andel som er med på organisert tur		7,3	Kvinneandel	56,7	55,7
Andel som går bare på sti		94,8	Andel som går alene	10,8	9,5
Andels om går både på og utenfor sti		4,5	Andel som går med barn under 15 år i følge	12,8	18,1

Her er det 64% norske og 50% har vore i området i mange sesongar. Smuksjøsæter er ein typisk dagsturlokalisitet; hele 88% er på dagstur, med gjennomsnittleg lengde på 4,4 timer. Det er ganske mange barnefamiliar, i overkant av 13% har med barn. Innfallsporten er i stor grad «sosial», då i overkant av 89% går saman med andre. Smuksjøsæter er den innfallsporten der flest fylgjer merkt sti eller gangveg, samtidig som ein stor andel er positive til tilrettelegging.

Vi meiner det er mogleg å gjere mange tiltak i lokaliteten for å styre ferdseLEN, spesielt for å få fleire til å gå tur i dei mindre sårbare randområda. Dei besøkande er positive til tilrettelegging og vil i stor grad fylge den tilrettelegginga som finst av merkte stiar, rundturar og eventuelt tematiske stiar. Det er stort behov for dagsturtur tilbod i lokaliteten, tilpassa også dei som ikkje går så langt (t.d. barnefamiliar). Dei besøkande etterspør informasjon om tuttilbod mm. i lokaliteten.



Smuksjøseter. Foto: Vegard Gundersen

### 3.10.8 Søre Eldåsæter

Eldåsæter er ein populær innfallsport mot Eldåbu og Vulufjell. Svarkassa står nær innfallsporten, men teljaren sto langt inn i fjellet, ved Vulutjern. I alt vart det samla 181 skjema i 2009 og 98 i 2021.

*Tabell 3.8. Nøkkeltal for dei besøkande i 2009 og 2021 for dei som startar/passerer registreringsskassa ved Søre Eldåsæter.*


8 SØRE ELDÅSÆTER					
Antall innsamlede skjema 2009: 181 / 2021: 98					
Årstell	2021	2009		2021	2009
Andel nordmenn	82,7	86,4	Andel som går utenfor sti		8,1
Andel førstegangsbesøkende	21,4	16,0	Andel som ønsker sterkt tilrettelegging		64,0
Andel som er på dagstur	31,6	46,0	Andel som ønsker middels tilrettelegging		26,7
Varighet dagstur (gj.snitt timer)	4,07	5,47	Andel som ønsker liten tilrettelegging		9,3
Varighet flerdagerstur (gj.snitt dager)	4,54	4,20	Andel som overnatter på fjellet		60,2
Andel som er med på organisert tur		7,3	Kvinneandel	50,0	49,2
Andel som går bare på sti		76,7	Andel som går alene	27,1	15,0
Andels om går både på og utenfor sti		15,1	Andel som går med barn under 15 år i følge	10,4	13,6

I overkant av 800 passeringar er registrert på teljaren ved Vulutjønn. I denne lokaliteten er det desidert flest nordmenn (83%), og det er også svært få fyrstegongsbesökande (21%). Det vil seie at dei fleste besökande er gjengangarar, i første rekke hyttefolk og lokale. Eldåsæter er også ein typisk innfallsport for fleirdagsturar, og med ei turlengde på 4,5 dager. Det er vanleg å gå i følgje i lokaliteten, og organiserte turar utgjer ca 7%. Eldåsæter er ein innfallsport der relativt mange går utanfor sti og eller i kombinasjon med merkt sti. Også her overnattar mange på fjellet i privat hytte eller seter. Dette er også ein av lokalitetane der dei besökande er ganske negative til tilrettelegging for friluftslivet.

Det er begrensa med tiltak som kan gjennomførast i lokaliteten då dei fleste er lokalkjende og brukar landskapet som dei er vant til. Det kan tenkjast at å avgrense høvet for parkering mm kan redusere ferdseLEN dersom det er ønskjeleg, sidan dette er ein lokalitet som kan få auka bruk i framtida (det er stutt veg til store hyttekonsentrasjonar på Kvamsfjellet og Venabygdfjellet).


### **3.11 Brukarprofil for Rondane-Dovre samanlikna med andre nasjonalparkar**

For å kunne seie noko om brukarprofilen til Rondane og Dovre nasjonalparkar har vi samanlikna sumtala frå alle dei 8 svarkassene med tilsvarande tal frå 30 andre nasjonalparkar i Noreg. Dei fleste figurane er gjengitt i **vedlegg 1**. Når det gjeld talet respondentar per svarkasse, hadde undersøkinga i 2021 langt lågare tal enn i 2009. Denne indikatoren kan brukast som eit (svakt) mål på volum besökande til nasjonalparken. Rondane-Dovre kjem slik litt lenger ned på lista i 2021 enn i 2009. Men det er mykje som tyder på at det er metodiske årsakar til at færre skjema vart fylt ut i 2009 enn 2021, sidan mange av teljarane har vist auke i besøksmengda.




Figur 3.29. Gjennomsnittlig alder for dei besøkande til 31 nasjonalparkar i Noreg. Rondane-Dovre er markert med orange.

Når det gjeld demografi skil Rondane-Dovre seg ut ved at det er høg gjennomsnittsalder på dei besøkande, og også kvinnedelen er høg samanlikna med andre nasjonalparkar. Dette er tal som er kjent frå tidlegare undersøkingar, og skuldast at det er mange godt vaksne som har privat hytte i området, og dei er også godt vaksne dei som overnattar på turistbedriftene, t.d. på Høvringen.



Figur 3.30. Del norske for dei besøkande til 31 nasjonalparkar i Noreg. Rondane-Dovre er markert med orange.

Delen lokale brukarar samanlikna med tilreisande og utanlandske besøkande er spesielt låg i Rondane; berre 5 % av dei besøkande som har fylt ut skjema kjem frå dei 6 lokalane kommunane. Derimot er delen nordmenn høg i Rondane-Dovre, og er blant dei norske nasjonalparkane med høgast del norske brukarar. Det er også ganske mange fyrstegongsbesøkande i Rondane-Dovre. Det er altså mange nordmenn som er i nasjonalparken for fyrste gong. Når det gjeld tal nasjonalitetar så er dette redusert frå 2009 til 2021, og dette skuldast også at det var sterke korona-restriksjonar for besøk frå utanfor Europa sommaren 2021, samt at det er langt færre skjema frå 2021 enn 2009. Når det gjeld barn i turfylgjet, er denne delen heilt på gjennomsnittet for nasjonalparkar i Noreg.




Figur 3.31. Del lokale for dei besøkende til 31 nasjonalparkar i Norge. Rondane-Dovre er markert med orange.

Lengda på dagsturane i Rondane-Dovre er som gjennomsnittet for nasjonalparkane i Noreg (4,6 timer), medan fleirdagsturane er lengre i dette området (4,6 dagar mot 4,1).


## 4 Referansar

- Andersen, O. & Gundersen, V. 2010. Fersel og bruk av Rondane. Etterundersøkelse blant besøkende sommeren 2009. NINA Rapport 599. Norsk institutt for naturforskning.
- Miljødirektoratet 2015. Veileder for besøksforvaltning i norske verneområder. Veileder M-415.
- Miljødirektoratet 2018. Brukerundersøkelser som verktøy for forvaltning av verneområder. Veileder M-930.
- Vorkinn, M. & Andersen, O. 2010. Besøkende til Rondane og Dovre nasjonalparker - sommeren 2009. Resultater fra selvregistreringskasser og automatiske ferselstellere. Underveisnotat januar 2010. Norsk institutt for naturforskning
- Eide, N.E., Hagen, D., Fangel, K & V. Gundersen, V. 2015. Tilpasning av metodikk for sårbarhetsvurdering i nasjonalparker. Case: Innfallsporten til Rondane fra Straumbu. Notat NINA Rapport 1191. 22s.
- Fjelle, M. 2020. Hiking in Rondane wild reindeer range: Human trail use and the effects of removing trail marks. Mastergrad NMBU.
- Selvaag, S., Aas, Ø. & V. Gundersen. 2020. Linking visitors' spatial preferences to sustainable visitor management in a Norwegian national park. Journal on Protected Mountain Areas Research and Management 12(1): 27-34.
- Selvaag, S. K., Wold, L. C., Gundersen, V., Keller, R. & Vistad, O. I. 2021. Norgesferie i krisetider – Hvordan så sommeren 2020 ut i fjellet? Tidsskriftet Utmark 2021-1 (fagfellevurdert).
- Selvaag, S. 2017. Welcome, but preferably not everywhere -A study on channeling traffic from the central part to the outskirts in Rondane national park. Mastergrad NMBU.
- Strand, O. & Gundersen, V. 2019. Silhuett Rondane – Hvordan bevare villreinen. NINA Temahefte 74. Norsk institutt for naturforskning.
- Strand, O., Gundersen, V., Jordhøy, P., Andersen, R., Nerhoel, I., Panzacchi, M. & Van Moorter, B. 2014. Villrein og fersel i Rondane. Sluttrapport fra GPS-merkeprosjektet 2009–2014. – NINA Rapport 1013. 170 s. + vedlegg
- Gundersen, V., Vistad, O. I., Panzacchi, M., Strand, O. & B. Van Moorter. 2019. Large-scale segregation of tourists and wild reindeer in three Norwegian national parks: Management implications. Tourism Management, 75, 22-33. <https://doi.org/10.1016/j.tourman.2019.04.017>
- Gundersen, V., Hagen, D., Eyju, M., Rød-Eriksen, L., Eide, N. E., Fangel, K., Strand, O. & Vistad, O. I. 2016. Sårbarhetsvurdering av to innfallsporter til Rondane nasjonalpark: Høvringen og Mysusæter – NINA Kortrapport 32. 80 s. + vedlegg.
- Gundersen, V., L. C. Wold og O. I. Vistad. 2014. Karaktertrekk ved de besøkende til innfallsporter i Rondane og Dovre nasjonalparker. - NINA Minirapport 522. 42 s.


## Vedlegg 1 Fleire nøkkeltal for Rondane-Dovre samanlikna med andre nasjonalparkar




Figur V1. Tal respondentar per svarkasse i 31 nasjonalparkar i Norge.




Figur V2. Kvinnedelen i 31 nasjonalparkar i Norge.




Figur V3. Del førstegangsbesøkande i 31 nasjonalparkar i Noreg.




Figur V4. Del med barn i følget i 31 nasjonalparkar i Noreg.



Figur V5. Tal nasjonalitetar i 31 nasjonalparkar i Noreg.



Figur V6. Lengde på dagsturen i tal timer i 31 nasjonalparkar i Noreg.



*Figur V7. Lengde på fleirdagsturen, i tal dagar i 31 nasjonalparkar i Norge. Flerdagersturer med lengde over 21 dager er ekskludert frå analysen*

## Vedlegg 2 Spørjeskjema, norsk versjon

### Brukerundersøkelse Rondane-Dovre 2021

1) Dato:

<input type="text"/>	<input type="text"/>
Dag	Mnd

2a) Hvor er du bosatt?

Nordmenn (Postnr. og sted) .....

Utlendinger (Land) .....

b) Kjønn/alder:

1  Kvinne: .....år      2  Mann: ..... år

3a) Hva er hovedformålet med den turen du er på i dag, og hvor lenge vil den vare?

- 1  Dagstur til fots, med varighet på: .... timer  
 1  Del av flerdagers fottur, med varighet på: .... dager  
 1  Annen aktivitet, hvilken?..... med varighet: .....

b) Hvor mange er du sammen med på turen i dag (inkl. deg selv)? ..... pers.

c) Er det barn under 15 år med på turen i dag?

1  Nei      2  Ja, alderen på det yngste barnet er: ..... år

4a) Har du besøkt/skal du besøke dette området en eller flere ganger i 2021?

1  Bare én gang      2  Flere ganger

b) Hvor lenge skal du oppholde deg i dette fjellområdet totalt denne gangen? ..... Dager

5) Hvor mange somre/vintre har du vært i dette fjellområdet tidligere?

1  Ingen      1  Somre: ..... antall      1  Vinter: ..... antall

6) Hvordan inngår besøket i Rondane-/Dovreområdet i den turen du er på?

- 1  Oppholdet i Rondane-/Dovreområdet var hovedmålet med turen  
 2  Oppholdet i Rondane-/Dovreområdet var del av en rundreise  
 3  Oppholdet i Rondane-/Dovreområdet var ett av flere formål med turen

**7) Skaffet du deg informasjon om Rondane-/Dovreområdet før du dro på denne turen?**

1  Nei    2  Ja, hentet informasjon fra: .....

**8) Har du møtt noen på sykkel langs stiene på denne turen?**

1  Nei    2  Ja, hvor? .....

**9) Vet du hvilke(t) dyr som er trua i Rondane-Dovreområdet?**

1  Nei    2  Ja, hvilke(t) dyr: .....

**10) Oppfatter du Rondane-Dovreområdet som et villmarksområde?**

1  Nei, ikke i det hele tatt    2  Ja, hele området  
3  Ja, deler av området, hvilke?: .....

**11) Hvordan ville du som friluftslivutøver stille deg til følgende tiltak i verneområdet for å beskytte sårbar natur?**

<b>1 Svært negativ</b>	<b>2 Negativ</b>	<b>3 Verken eller</b>	<b>4 Positiv</b>	<b>5 Svært positiv</b>
------------------------	------------------	-----------------------	------------------	------------------------

Omlegging av eksisterende, merka ruter

Forbud mot ferdsel på noen ruter i november

**12) Hvor fornøyd er du alt i alt med tilretteleggingen for friluftsliv i Rondane-/Dovre-området sommerstid? (dvs. med antall og kvaliteten på merka stier, skilting og informasjon, mm)**

<b>Svært misfornøyd</b>	<b>Misfornøyd</b>	<b>Verken eller</b>	<b>Fornøyd</b>	<b>Svært fornøyd</b>
1 <input type="checkbox"/>	2 <input type="checkbox"/>	3 <input type="checkbox"/>	4 <input type="checkbox"/>	5 <input type="checkbox"/>

**13) Hvor mange ganger (i løpet av hele livet) har du vært på en flerdagers fottur eller skitur? (Med flerdagers tur mener vi en lengre, sammenhengende tur der du overnatter underveis)**

1 <input type="checkbox"/> Aldri	4 <input type="checkbox"/> 6-10 ganger
2 <input type="checkbox"/> 1 gang	5 <input type="checkbox"/> 11-20 ganger
3 <input type="checkbox"/> 2-5 ganger	6 <input type="checkbox"/> Mer enn 20 ganger

**14) Til høsten ønsker vi å sende ut et spørreskjema til et utvalg av de som har brukt dette fjellområdet i sommer. Dersom du kunne tenke deg å gi ytterligere innspill til framtidig forvaltning av dette området, vennligst oppgi mail-adressa di under. På forhånd takk!**

E-post-adresse: .....



*Norsk institutt for naturforskning, NINA, er ein uavhengig stiftelse som forskar på natur og samspelet natur–samfunn.*

*NINA vart etablert i 1988. Hovudkontoret er i Trondheim, med avdelingskontor i Tromsø, Lillehammer, Bergen og Oslo. I tillegg driv NINA Sæterfjellet avlsstasjon for fjellrev på Oppdal, og forskningsstasjonen for vill laksefisk på Ims i Rogaland.*

*NINA driv både med forsking og utgjeiing, miljøovervaking, rådgjeving og evaluering. Instituttet har stor breidde i kompetanse og erfaring, med både naturvitnarar og samfunnsvitarar i staben. Vi har kunnskap om artane, naturtypane, menneska sin bruk av naturen og korleis dei store drivkraftene i naturen verkar.*

ISSN: 1504-3312

ISBN: 978-82-426-4938-6

## Norsk institutt for naturforskning

NINA Hovudkontor

Postadresse: Postboks 5685 Torgarden, 7485 Trondheim

Besøks-/leveringsadresse: Høgskoleringen 9, 7034 Trondheim

Telefon: 73 80 14 00, Telefaks: 73 80 14 01

E-post: [firmapost@nina.no](mailto:firmapost@nina.no)

Organisasjonsnummer 9500 37 687

<http://www.nina.no>



Samarbeid og kunnskap for framtidas miljøløsninger